

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Odd Himle (SN-H) sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet er kjend med at Fylkesutvalet 21.06.18 handsama saka med følgjande vedtak: "Fylkesutvalet tek saka om lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog til orientering. Fylkesmannen vil koma attende med ny sak med anbefalte løysingar.

Gjennom media er Fylkeseldrerådet blitt gjort merksam på at saka skal handsamast på ny i oktober 2018. Fylkeseldrerådet har, tidlegare, fått opplyst at fleire eldre, kanskje så mange som 9 personar, må flytta frå heimane sine dersom båtruta blir lagt ned. Fylkeseldrerådet ber om at fylkeskommunen finn ei tilfredsstillande løysing slik at båtruta held fram, og at folk som er busett i desse grendene, også i framtida, kan bu i heimane sine.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt tilleggssforslag:

«Fylkeseldrerådet ber om å bli orientert om utviklinga i saka, og få tilsendt ny sak om løysingar når saka ligg føre».

Røysting

Himle sitt forslag med Falao sitt tilleggssforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet er kjend med at Fylkesutvalet 21.06.18 handsama saka med følgjande vedtak: "Fylkesutvalet tek saka om lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog til orientering. Fylkesmannen vil koma attende med ny sak med anbefalte løysingar.

Gjennom media er Fylkeseldrerådet blitt gjort merksam på at saka skal handsamast på ny i oktober 2018. Fylkeseldrerådet har, tidlegare, fått opplyst at fleire eldre, kanskje så mange som 9 personar, må flytta frå heimane sine dersom båtruta blir lagt ned. Fylkeseldrerådet ber om at fylkeskommunen finn ei tilfredsstillande løysing slik at båtruta held fram, og at folk som er busett i desse grendene, også i framtida, kan bu i heimane sine.»

Fylkeseldrerådet ber om å bli orientert om utviklinga i saka, og få tilsendt ny sak om løysingar når saka ligg føre.